

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 68/2011

2011/EØS/54/10

av 1. juli 2011

om endring av vedlegg II til EØS-avtala (Tekniske forskrifter, standardar, prøving og sertifisering)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla "avtala", særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg II til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 50/2011 av 20. mai 2011⁽¹⁾.
- 2) Kommisjonsforordning (EU) nr. 1161/2010 av 9. desember 2010 om avslag på godkjenning av ein helsepåstand om næringsmiddel som ikkje viser til redusert sjukdomsrisiko og til utviklinga og helsa til barn⁽²⁾ skal takast inn i avtala.
- 3) Kommisjonsforordning (EU) nr. 1162/2010 av 9. desember 2010 om avslag på godkjenning av visse helsepåstandar om næringsmiddel som viser til redusert sjukdomsrisiko og til utviklinga og helsa til barn⁽³⁾ skal takast inn i avtala.
- 4) Denne avgjerda gjeld ikkje for Liechtenstein –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg II kapittel XII til avtala etter nr. 54zzzzt (kommisjonsforordning (EU) nr. 257/2010) skal nye nr. 54zzzzu og 54zzzzv lyde:

”54zzzzu. **32010 R 1161:** Kommisjonsforordning (EU) nr. 1161/2010 av 9. desember 2010 om avslag på godkjenning av ein helsepåstand om næringsmiddel som ikkje viser til redusert sjukdomsrisiko og til utviklinga og helsa til barn (EUT L 326 av 10.12.2010, s. 59).

54zzzzv. **32010 R 1162:** Kommisjonsforordning (EU) nr. 1162/2010 av 9. desember 2010 om avslag på godkjenning av visse helsepåstandar om næringsmiddel som viser til redusert sjukdomsrisiko og til utviklinga og helsa til barn (EUT L 326 av 10.12.2010, s. 61).”

Artikkel 2

Teksta til forordning (EU) nr. 1161/2010 og 1162/2010 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjort i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 2. juli 2011, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

⁽¹⁾ TEU L 196 av 28.7.2011, s. 29, og EØS-tillegget til TEU nr. 43 av 28.7.2011, s. 6.

⁽²⁾ TEU L 326 av 10.12.2010, s. 59.

⁽³⁾ TEU L 326 av 10.12.2010, s. 61.

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel, 1. juli 2011.

For EØS-komiteen

Kurt Jäger

Formann